

EIDSDALSØRE 2016 – Laurdag 21. mai.

Utandørs marked og kulturdag i Eidsdal som tek utgangspunkt i aktivitetar for barn, ungdom og vaksne, ja alle aldersgrupper. Gjennom dagen vil det vere underhaldning frå utescene av barn og unge frå nærområdet, utstilling og sal av lokale varer frå handverkarar og lokalmat produsentar, minidyrehage i regi av lokale bønder, riding, kulturvandring, bondeolympiade med Eidsdal-Norddal Bondelag som arrangør og sal av mat heile dagen, grillmat, kaffi, vaflar, sveler, etc.

Kunstutstilling – der i blant «Eidsdal før og nå»

Fleire lokale utstillarar, samt ein del gamle bilder frå Eidsdal

Konsert – Jonas Fjeld og Ole Jørn Myklebust.

Konsert med Jonas Fjeld og også saman med vår kjente lokale muskar – Ole Jørn Myklebust. Ole Jørn har m.a. jobba fast med i årreke saman med Mari Boine, Unni Wilhelmsen m.fl. Han skal også utgi ein CD til hausten kor han har satt tonar til dikta til ein annan lokal kunstnar, diktaren Arne O. Storås.

.....
Eidsdalsrøre er eit ungt og unikt arrangement som blir avvikla ved hjelp av ein stor lokal dugnadsinnsats. Tindrane Eidsdal (org.nr. 911664100) står som arrangør, men får god støtte frå andre lokale lag og organisasjonar som m.a. Bondelaget, Helselaget, Røde Kors, Skolekorpset, Skyttarlaget, Brannkorpset, Verdsarvstiftinga med formidling ved Gaute Gneis, etc.



